

Vest-Telemarkrådet  
Kviteseidgata 18  
3850 Kviteeid  
post@vt-radet.no

Dykker ref: Vår ref: Arkiv: Stad/dato:  
Att: Anne Aasmundtveit Tone Skau Jonassen Rauland 16.02.2022

### **Høyringsuttale - Felles klimaplan for Vest-Telemark**

Rehabiliteringssenteret AiR finn det svært positivt at det no lagast ein felles klimaplan for Vest-Telemark med ein handlingdel. Bevaring av naturrikdomen og reduksjon av klimagass utslepp gjeng på tvers av kommunegrenser og verksemder. I den samanheng er det viktig med samhandling, tydeleggjering av ansvar og målbare mål.

Dei utsende høyringsdokumenta har vore drøfta i miljøgruppa og er forankra i leiinga ved AiR

Når me ser heile planen og tiltaksdelen under eit, så manglar det ein raud tråd. Dvs. etter vår vurdering er det ikkje tilstrekkeleg samanheng mellom bakgrunn for å gjennomføre tiltak, og tiltaka som blir foreslått i handlingsplanen.

Me har følgande konkrete innspel til dei ulike delane:

#### Klimaplanen:

- Den grunngjev godt behovet for å gjennomføre tiltak, og me støttar dei utvalde berekraftsmåla for Vest- Telemark.
- Klimaplanen kan med fordel strammast opp, og gjerast betre tilgjengeleg t.d. med eit samandrag og oppdatering av sidetala slik at dei stemmer overeins med sidetala under innhald.

#### Handlingsplanen og døme på tiltak:

- Handlingsplanen manglar etter vår vurdering ei tydeleggjering av ansvar, når tiltaka skal gjennomførast og målbare mål. Me saknar og synleggjering av at fleire av tiltaka krev samhandling mellom frivillige organisasjoner, private og offentlege verksemder.



Rehabiliteringssenteret AiR as  
Haddlandsvegen 20  
3864 Rauland  
Tlf: 35 06 28 00

post@air.no  
[rehabilitering.no](http://rehabilitering.no)  
[arbeidoghelse.no](http://arbeidoghelse.no)  
Org.nr 934 452 011

-med arbeid  
som mål

### *Arealforvaltning:*

- I fyrste og tredje strek pkt. bør også private verksemder/næringsliv leggjast til som ansvarlege eller medansvarlege. Alle som eig og driftar eigen eigedom har eit ansvar for å ta vare på naturrikdomen, førebyggje skade som fylgje av klimaendringane og redusere bruken av jord med torv.

### *Jordbruk*

- Forslag til nytt tiltak: Private verksemder bør prioritera å kjøpe lokalprodusert mat.  
Ansvarlege: Private verksemder

### *Sirkulærøkonomi og avfall*

- I fyrste strek pkt. bør også private verksemder/næringsliv leggjast til som ansvarlege eller medansvarlege. Alle som leverer tenester og driftar eigen eigedom har eit ansvar for å leggje til rette for sirkulær bruk av ressursar og auke graden av gjenbruk.

### *Transport*

- Endring av siste strek pkt./tiltak: Redusere køyringa til samlingar og møte for tilsette ved å legge til rette for samkøyring og digitale møte. Ansvarlege: kommunane og private verksemder/næringsliv.
- Forslag til nytt tiltak: Arbeide for betre kollektivtilbod mellom lokalsentra i kommunane og stimulere til auka bruk av kollektivtransport. Ansvarlege: Kommunane, private verksemder/næringsliv, frivillige lag og foreiningar.

### *Offentlege innkjøp*

- Dette tiltaksområdet kan med fordel døypast om til Innkjøp, eventuelt leggje til tiltak der dei private verksemndene/næringslivet har eit handlingsrom.
- Fleire av dei tiltaka manglar kven som er ansvarlege for gjennomføring. Dette må endrast.
- Forslag til nye tiltak:
  - Private verksemder bør innarbeide klima- og miljøomsyn i anskaffingar og kontraktsmalar. Ansvarleg: Private verksemder/næringsliv
  - Private verksemder bør sette krav til miljøsertifiserte leverandørar av varer og tenester, og til lågt klimafotavtrykk. Ansvarlege: Private verksemder/næringsliv
- - Bruk av energikjelde med lågt klimafotavtrykk bør vurderast i alle private næringsbyggeprosjekt. Ansvarlege: Private verksemder

### *Enøk*

- I ljós av dei auka straumprisane meiner me at det også er mykje å hente her for private verksemder. - Sjølv om detta kan liggje utanfor kommunanes myndigheitsområde.

- Forslag til endring av tiltak første strek pkt.: Vurdere å installere energifleksibelt lågtemperatur varmeløysing (vannboren) basert på fornybare energikjelder med lågt klimafotavtrykk i alle kommunale og private næringsbygg ved større rehabilitering. Ansvarlege: kommunane og private verksemder/næringsliv
- Forslag til endring av tiltak tredje strek pkt. - Tilby rådgjeving om fornybare og energieffektive løysingar, energisparingstiltak og støtteordningar til bustadeigarar og eigarar av private næringsbygg. Ansvarlege: kommunane, Vest-Telemark Kraftlag AS og Rauland Kraft AS

Rehabiliteringssenteret AiR ynskjer Vest - Telemarkrådet lukke til med bevaring av naturrikdomen og reduksjon av klimagass utslepp. Og me ser fram til å jobbe vidare med gjennomføringa av tiltak i eiga verksemnd.

Med venleg helsing

Svein Kostveit

Direktør

Kopi: Vestfold og Telemark fylkeskommune, Fyresdal Kommune, Kviteseid kommune, Nissedal kommune, Seljord kommune, Tokke kommune og Vinje kommune.

---

